



SAKSHANDSAMAR
Trond Taugbøl

VÅR REF.
06/00017-100

ARK. Forvaltningsarkivet
073.13

INNVALSTELEFON

DYKKAR REF.
16/8149-1

DYKKAR DATO

VÅR DATO
15.03.2017

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap - Delområde Nærøyfjorden. Tilskot frå statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79

Riksantikvaren syner til søknad datert 11.01.2017 om tilskot til verdsarven Vestnorsk fjordlandskap i Sogn og Fjordane. Vi har gjennomgått søknaden og finner at den oppfyller gjeldande vilkår.

VEDTAK:

Riksantikvaren gir med dette eit tilskot frå statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 på inntil

kr. 1 400 000,-

Tilskotet skal dekke følgjande kostnader, i samsvar med søknad:

| Tiltak | Søknadssum | Tilskot 2017 | Kommentar |
|--|------------|--------------|---|
| Prosjekt for istandsetting av hus i verdsarvområdet, og tiltak for bygging av kompetanse som trengst for å oppnå naudsynt kvalitet | 6 091 000 | 1 400 000 | Tilskotet skal nyttast etter fylkeskommunen si prioritering av innkomne søknader til arbeid med istandsetting av bygningar, anlegg og kulturmiljø som ber vitne om menneskjas liv tilpassa eit dramatisk fjordlandskap der erosjonsprosesser aktivt verkar (innskrivingskriterium (viii)), eller som underbyggjer den visuelle opplevinga av landskapets eineståande estetiske verdiar (innskrivingskriterium (vii)). |
| Total | | 1 400 000 | |

Grunngjeving og vilkår

Vestnorsk fjordlandskap er innskriven som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fylgjer av statusen som verdsarv.

Vedlagt følgjer *Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79*.

Mottakar skal sette seg godt inn i retningslinene og vilkåra for tilskot. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget vert oppfylde.

Tilskot frå post 79

Midlar frå Riksantikvarens kapittel 1429 post 79 er knytt til bevaringsprogrammet for verdsarven. Formålet med bevaringsprogrammet er å utvikle dei åtte norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innan natur - og kulturminneforvaltning. Se vedlagde *Informasjon om tilskot frå post 79 i 2017*.

Aksept av tildeling

Det er ikkje lenger naudsynt å sende skjema for aksept av vedtaket til Riksantikvaren. Vi syner til forvaltningslova § 28 som seier at dersom mottakar ikkje klager på vedtaket innan tre veker, er det automatisk akseptert. Vi tilrår likevel å bruke akseptskjema ved fordeling av tilskot vidare til private tilskotsmottakarar, sjå vedlegg.

Utbetaling av tilskot

Utbetaling av tilskot skal skje i samsvar med vedtak om tilskot.

Utbetaling av tilskot til istandsetjing av hus i verdsarvområdet og tiltak for bygging av kompetanse som trengst for å oppnå naudsynt kvalitet i arbeidet, skjer på bakgrunn av førespurnad om utbetaling frå fylkeskommunen med eit oversyn over prioriteringar av tilskota. Riksantikvaren aksepterer at 10 % av dei tildelte midla ikkje er disponerte på dette tidspunktet. I utbetalingsbrevet blir fylkeskommunens planer tekne til etterretning og eventuelle kommentarar blir lagt inn saman med utbetaling av det tildelte beløpet.

Rapportering

Etter at prosjekta er avslutta, skal det sendast rekneskap og sluttrapport. Frist for rapportering på tilskot for 2017 er 15. januar 2018.

Rapporten skal innehalde relevant dokumentasjon som klart viser korleis arbeida /tiltaket/prosjektet er gjennomført og om måla er nådde. Vi syner elles til vedlagde *Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79*.

Kontroll

Fylkeskommunar og kommunar som forvaltar tilskotsmidlar over post 79 for Riksantikvaren, må følgje statens økonomireglement om tilskot (kap. 6 i føresegnene). I

vedtaka sine må dei opplyse om sin tilsynsåtgang etter bevilgningsreglementet § 10, jf. *Retningsliner og vilkår for tilskot fra statsbudsjettet*.

Opplysning om høve til å klage

Vedtaket kan klagast på til Klima - og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing

Jostein Løvdal (e.f.)
seksjonssjef

Trond Taugbøl
fagdirektør

Brevet er elektronisk godkjent

Kopi til: Arlen Synnøve Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kulturavdelinga,
Postboks 173, 6801 Førde

Vedlegg:

1. Retningsliner og vilkår for tilskot fra statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79
2. Informasjon om tilskot fra post 79 i 2017
3. Akseptskjema for sluttbruker

| | | | |
|--|------------------|------------|---------------------------|
| Kontering ved tilskudd og tilsagn: <i>(for intern bruk hos Riksantikvaren)</i> | | | |
| Konto: 8719 | Koststed: 393 | Innsatsnr: | Tilskotsnummer: 170414 |
| Beløp: Kr. 1 400 000,- | | Merknad: | |

| | | | |
|--|------------------|------------|---------------------------|
| Kontering ved tilskudd og tilsagn: <i>(for intern bruk hos Riksantikvaren)</i> | | | |
| Konto: 8719 | Koststed: 393 | Innsatsnr: | Tilskotsnummer: 170414 |
| Beløp: Kr. 1 400 000,- | | Merknad: | |